

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 19
Desember 2019
Årgang 10

NLF 10 år!



Les også om

- Jubileumshelg
- Intervju med Lars Forberg
- Langeleiken saman med Kringkastingsorkesteret
- Forestillinga På Pynté
- Ei spesiell gåve!

Kjære alle langelekvenner:

Da er det ikke så lenge til jul, og vi håper dere koser dere med en ny utgave av Snerten midt i julestrevet! Det er nok travle tider for mange, og høyt aktivitetsnivå. Det har i alle fall vært mange flotte arrangementer på langelekfronten siden sist: det er flott å se alle aktiviteter, kurs og spill som foregår over hele landet.



Det største arrangementet vi hadde i høst var jubileet: Norsk Langelekforum var 10 år i år!

Det stod i det aller første Snerten at Stiftingsmøtet for Norsk Langelekforum fant sted på Valdres Folkemuseum lørdag 25. juli 2009, og 9 personer hadde funnet vegen dit. Etter valget ble styresammensetningen denne: leder ble Turid Berge, styremedlemmer ble Marit Steinsrud, Sigurd Braathen, Gunvor Hegge og Ingar Ranheim, og varamedlemmer ble Kari Hagaseth, Elisabeth Kværne og Bent Åserud. Etter dette første møtet har det vært mange andre innom styret, og ledervervet har blitt ivaretatt av Marit Steinsrud gjennom 6 år, så overtok Lisbeth David-Andersen og så til slutt har jeg kommet til.

Den 19.-20. oktober markerte vi 10-årsdagen på Valdres Folkemuseum, Fagernes. Det ble festmiddag, kurs, samspill, foredrag og konsert – alt i alt et meget hyggelig og vellykket arrangement. Til festmiddagen hadde vi også invitert langelekbygger Lars Forberg, som i perioden 1989 til 2002 har bygget mer enn 110 langeleik. Undertegnede er også en lykkelig eier av en Forberg-leik, så det var stor stas at byggeren kunne være tilstede på festmiddagen.

Det neste arrangementet fremover er Klangen før fela, som finner sted på Riksscenen 24.-26. januar. Da blir det også kurs i langelek med instruktørene Magnhild Karsrud, Solveig Vatn Weisser og Gunnlaug Lien Myhr. På søndagen vil vi også ha årsmøte i Norsk Langelekforum, så håper vi ses da!

Da ønsker jeg alle en fredelig jul og godt nyttår, både med og uten og langelek!

Hilsen Lise K. Meling, leder.

Jubileumshelg 19. - 20. oktober 2019

Norsk Langeleikforum vart stifta sommaren 2009, og denne oktoberhelga møttest langeleikentusiastar frå heile landet til spel, foredrag og festmiddag med påfylgjande konsert. Laurdagen starta med kurs på fleire nivå og med ulike tradisjonar, noko Kari Steinsrud, Marit Steinsrud og Magnhild Karsrud leidde oss gjennom.



Etter ei intens kursøkt, tok Tom Willy Rustad oss med til Gudbrandsdalen gjennom foredraget *Eldre folkemusikk instrument i Gudbrandsdalen, ei moderne oppdagingsferd i skikk og bruk*. Det finst mange instrument i dette dalføret, men ein finn lite om bruken, seier Rustad. Han viste

oss bilet og prata om cister, om bygdefløyta, munnharpa og langeleiken, eller langspelet som dei seier der, iflg Leif Løchen. Alt krydra med historier rundt personar knytt til dei ulike instrumenta og tida dei var brukte i.

Tom Willy er ein klyppar på munnharpa, og spelte eit par låttar for oss. Men kva skjer eigentleg i munnen når ein spelar munnharpe? For å finne ut dette, hadde han fått filma med eit kamera inni munnen som viste korleis stemmebanda opna og lukka seg når han spelte. Dette er avgjerande for kva slags lyd som kjem ut. Interessant!

Festmiddagen starta med eit norsk-afrikansk innslag med Ingrid Lingaas Fossum og Ole og Knut Aastad Bråten. Ingrid oppheld seg mykje i Tanzania, og brukar langeleiken der ho kombinerer den afrikanske og norske musikken.



Leiaren vår, Lise Meling, ynskte oss velkomne til bords, og deretter gjekk det slag i slag med taler, musikalske innslag og overrekkingar av blomar og påskjøningar. Kveldens festtalar var Elisabeth Kværne, som prata varmt om kjærleiken til instrumentet og kva det betyr for oss alle. Tala kan du lesa litt lenger uti bladet.

Lars Forberg var ein sentral instrumentbyggjar på 80-90-talet. Han var spesielt invitert denne kvelden, og det var veldig hyggeleg å kunne markerer den

betydningen han har hatt for langeleiktradisjonen på instrumentsida. Det er ei litt lenger omtale av arbeidet hans litt lenger uti bladet.

Lur- og bukkhornlaget var representert ved Ole Kristian Nyhagen som hadde med helsing og spelte ein lått. Det same gjorde Marit Steinsrud og Stein Villa.

Liv Annette Nygjerdet avslutta samlinga ved bordet med ei blomehelsing frå FolkOrg.



Så stod det klar ein buss som frakta festlyden til konsert i ungdomshuset Gapahuken i Øystre Slidre. Der hadde Sudan Dudan med Marit Karlberg og Andres Røine rigga seg opp. Marit Karlberg fekk kulturprisen frå Øystre Slidre kommune, og i samband med den, var elevane hennar i kulturskulen også med og underholdt.

Gratulerer til Marit!

Etter ein stemningfull og flott konsert hadde vi fått både i oss om med oss denne kvelden, og kan no sjå tilbake på ein fin jubileumsfeiring.

Festtalen til Elisabeth Kværne på 10-årsjubiléet



«Søker du sannheten i musikken søker du ikke stortromma,» sa Boris Borisoff.
Det er mange måtar å nærme seg langeleiken på. Kva er det med langeleiken du set størst pris på? Er det instrumentet, med sin vakre klåre lyd og klang? Er det musikken? Låttane, krafta, logikken og poesien i tonelinene? Er det miljøet? Å få være ein del av det folkelege, klasselause, kollektive, identitetsskapande, kjensla av plikt, samhald og lojalitet? Er vi medvetne om mangfaldet og rikdomen i tradisjonen langeleiken er ein del av? Sjølve traderinga av

tradisjonen, måten vi lærer av einannan, dansedokkene, segna, lattesteva og songtekstane? Nærleiken til alt, stadbunden og universell på same tid!

Ivar Åsen såg det klårt: «Elskar du folket i Noregs dalar, så elskar du språket folket talar!» Her er det ikkje rom for kompromiss! Du kan ikkje verdsette langeleiken og ikkje like dei som spelar, tenker eg. Men er det slik?

Når Kongen kjem til Valdres er det langeleikspel i alle kommunane. Men kvifor får vi då kjensle av at nokon nærest blir pinleg berørt når langeleiken kjem fram?

Friidrettstrenaren Leif Olav Andenes prøver å sette ting i perspektiv:

«Viktigast av alt som ikkje er viktig, er 400 m hekk!» seier han, men han har neppe høyrd mykje langeleikspel. Men det har vi!

Berit på Pynte tenkte litt slik: Verdens beste Harpespillerske: Verdensberømt!

Berit var òg sårbar då ho sa til barnebarnet sitt: «La ikkje nokon flytte notadn dine!»

Men realiteten er at du skal ikkje ytre deg mykje for å halde fram kvalitetane i langeleiken før du får det rett i fjeset:

Før krigen kunne Ragna Brenno på Norsk Folkemuseum få ta fram langeleiken når ho satt i Hålistuen som oppsynsdame, men ho måtte få han inn i skåpet om det kom folk! Oppmuntra av alt det trivelege som hende rundt langeleiken først på 1970-talet, skreiv eg til ein av landets meste etablerte musikkskular, Bærum musikkskule, og foreslo tilbod i undervisning på langelek. «Dette er nok dessverre ikke noe for oss!» var svaret.

Då vi sleppte På langelek i 1985 held vi ein stor konsert på Høvikodden kunstsenter. Helge Gudheim jobba som journalist i Aftenposten og foreslo å dekke dette. «Vi kan ikke se at dette er noe som kan interessere våre lesere,» sa kultur-redaktøren.

Når eg i dag ærleg og oppriktig gjev uttrykk for at langeleiken er det eg treng for å uttrykke det eg har på hjarte, så provoserer det einskilde. Dette er til ettertanke. For eg deler røynsler og erkjenning med folk med større suksess:

Mark Knopfler seier: «Dronen i botnen av melodien er grunnlaget for all musikkoppleveling!» Han hadde nok den irske sekkepipa og Liam O'Flynn i tankane, men utsegnet er universelt. Middelalderens musikkideal synte seg slitesterkt, og held gjennom århundrar. Og det held enno, vi finn det over store deler av det EuroAsiatiske kulturområdet. Og eitt av mange tyngdepunkt er her hjå oss, rundt dette bordet.

Men vi er og ein del av samtidsmusikken i Norge, i verda, her og no.

Vi er ikkje formødrrene våre, vi er mødrer og bestemødrer sjølve. Vi kjem frå ein plass, og vi skal ein plass. I ei tid då ting endrar seg fortare enn det som er sunt, representerer vi dei lange, seige linene. Trekløveret som vart fødd i 1884, Guri Hegge, Ragnhild Fystro Midthus og Johan Halden, rakk å lære oss låttar dei hadde etter folk fødd for meir enn 200 år sidan før dei takka av. Og generasjonen etter dei, Ragna Brenno, Olav

Hauge og Arne Røine, dei levde til dei var rundt 100 år, slik at mange av oss fekk lære direkte av dei. Slik får ein respekt for tradisjonane og for kjeldene våre.

Langeleiken er ingen puslete underdog. Han er livskraftig, robust, men sårbar på same tid. Vi er heilt avhengige av Oddrun Hegge si kompetanse som langeleikmakar og ikkje minst langeleikdoktor. Kven er klare til å lære og føre dette vidare om 40-50 år? Vi må tolke at alt ikkje er fullkome, og at vi blir utfordra av dei som ikkje ser mulighetene slik instrumentet er og ønskjer og utvikle, eller skal vi seie tilpasse, deler av instrumentet og musikken til det susande, pulserande musikklivet, formidlingsstadene elles og eit litt bortskjempt publikum som vil bli underhalde og ikkje nødvendigvis har all verdas kunnskap. Ser vi at dette har vore prøvd til alle tider, med alvor og kan hende litt humor? Som da Snekkermester Henry frå Drammen monterte ei blå lyspære inni langeleiken for å gje den rette huldrestemninga!

Men vi må ha lov til å sjå mulighetene i instrumentet slik vi kjenner det også.

Korleis er dette hjå andre instrument? Fiolin har endra seg svært lite sidan han fann forma si for 450 år sidan, gitaren for eit par hundre år sidan. Men dei finst i millionar av eksemplar over heile kloten.

Medan flygel og piano er yngre enn store deler av musikken som blir spelt på dei!

Men har vi rett fokus? Brukar vi for mykje tid og pengar på å tilpasse oss konsertscener, mikrofonar og festivallivet?

Eg har eit lysande Hilmeminne frå konserten til Johanna Fuglesteg og Knut Aastad Bråten i Rognebygningen for meir enn 10 år sidan. Heldigvis fekk vi filma det, om nokon vil sjå og kan hende lære noko også? Meir slikt til fleire. Eg har reist på skulekonsertar i Oppland og Valdres. Vi hadde ikkje mikrofonar, ungane lytta og vi snakka og spelte. Kan ikkje sjå at det var därleg formidling. Ta vare på dei små spelestadene, Tingbygningen på Hunn og Frydenlund. Tør å spele utan lydstøtte og spar pengar på det! Ikkje oversjå dei utøvarane som sjeldan er å høre. Kan hende ventar dei på ein telefon, og dei har mykje å gje. Dei fleste av oss veks med oppgåvene, og vi går ikkje ut på dato!! Dei færreste av oss har eit best før merke. For slik er folkekunsten. Best etter!

«Dei kan ikkje alle spela langeleiken,» sto det på russekortet til Gyda Grøndalen. Nei, vi er ikkje mange, men vi veit vi er privilegerte! Vi er alternative, kule og inkluderande. Vi er billige i drift og ganske smålåtne! Vi har noko å gje og noko å bidra med!

Kos dykk på konsert, og gje plass til leiken i kvardagen!

Fekk eg velje på nytt

Fekk eg velje på nytt, ville eg gå den smale krøtterstigen gjennom skogen,
Eg ville smøre med matpakke med knekkebrød og brunost.

Eg ville prate med den keitete guten med kviser og briller, som hadde lese mykje og tenkt gjennom det han las.

Fekk eg velje på nytt, ville eg ta dei same vala eg tok den gongen,
også det viktigaste,
Å dele livet med deg, langeleiken min!

Elisabeth Kværne

Langeleikmakaren Lars



Forbergleikane har godt handverk som sitt kjenneteikn. Mange har ein Forberg-leik, - nærare sagt 135 stykke, men få kjenner makaren Lars.

Det var difor stas å invitere Lars til 10 års-jubileet til Norsk Langeleikforum i oktober for å bli litt betre kjend med han.

Lars (1938) vaks opp i Skjåk og han utdanna seg som møbelsnikkar. I 1977 søkte han på ei ledig stilling ved Valdres Møbler på Fagernes, og det var slik han kom til Valdres. Etter kvart fekk han kjøpt Ygna, eit nedlagt snikkarverkstad i Øystre Slidre. Lite visste han den gongen om at verkstaden skulle få slik betydning for langeleikspel både her heime og

i heile Sør Noreg.

I utgangspunktet var det eit spørsmål frå Marit Anny Løken Tvenge (på Marit Annys Vevstogo) som utløyste det heile. Ho hadde ei veninne i USA som ynskte seg leik, fortel Lars, men det var ingen på marknaden. Lars tok utfordringa og laga sine første fem leikar i 1989. Han støtta seg litt til Olav Viken ved Valdres Folkemuseum til han kom i gang, deretter var det å stå på og produsere etter etterspørsel.

Akantusblada på hovudet er det syskenbarnet hans, Erling Forberg, som har skore ut. Han var ein dyktig treskjærar i Skjåk. Han brukte ikkje mange minutt på denne utskjæringa, seier Lars, som sjølv var effektiv og dyktig med maskinene. Helge Myrheim frå Skrautvål var god medhjelpar ved rigging og oppnoting, og dei arbeidde fram ein mal som var rimeleg nøyaktig for å plassere skalaen.



På lista over material og treslag som er brukt, finn ein både gran, furu, oregon pine, svartor, redwood, rogn, bjørk og kirsebærtre. Regelen er: bartre i loket, men elles kan alt brukast i sider og botn.

På kundelista kom det etter kvart både garva og nye langeleikspelarar frå heile Sør-Noreg. Dette var altså i tida frå 1989 til 2002 med oppblomstring rundt Mjøsa, på Kongsberg, i Telemark, Hallingdal, i Oslo og heime. Instrumenta kom i rett tid, og det er mykje å takke Lars for som greidde å forsyne den akutte, store etterspurnaden. Som mangeårig møbelsnikkar er Lars klar på at å laga instrument, tone og liv i produktet er av det artigaste han har gjort. Det vart eit anna møte med kunden, og det var ei stas å tenkje på at instrumenta har skapt så mykje musikkglede både for brukar og for dei som lyer på.

Leikane vart leverte i fine, polstra skrin, lakkerte eller måla i ulike farger.

Langeleik-Noreg vil takke Lars Forberg for hans verdifulle bidrag til at mange fekk høve til å ta del i langeleikmusikken på gode instrument!

Oddrun Hegge

Pedagogisk materiell i kjømda

Norsk Langeleikforum har motteke 60 000 kroner frå Norsk kulturråd til arbeidet med pedagogisk materiell på langeleik. Prosjektet har fått namnet «Viral langeleik», og er i samarbeid med Valdres Folkemusikklag og Nord-Aurdal kulturskole.

--- Kort fortalt skal vi formidle spelet vidare på nye plattformer som unge utøvarar forheld seg til. Vi kjem til å produsere mellom 15 til 20 filmar à 1–3 minutt for publisering på eigna plattformer, primært YouTube og eigne nettsider, seier Knut Aastad Bråten i Norsk Langeleikforum.

Målet med videoane er å stimulere til auka interesse for langeleiken, som kunnskapsdrypp og som motor for å kome i gang med langeleikspel. Filmene vil bli produsert som eit pedagogisk hjelpemiddel – og er tilpassa både vaksne og barn. Filmane kan nyttast som læremateriell i musikkundervisning i alt frå kulturskule til høgskule, i spel- og dansarlag og til sjølvstudium.

Jørn Ranum har ansvaret for filminga. Dei som står for spelet er Oddrun Hegge og Kari Steinsrud

SNERTEN

Infoskriv nr 1 frå Norsk Langeleikforum april 2010

Gode langeleikentusiastar!



Eg er glad for å kunne presentere "Snerten", det aller fyrste medlemsskrivet til Norsk Langeleikforum.

Eg er òg glad for å vera den fyrste leiaren i forumet. Eg gler meg til å sjå kva vi kan få til for og med langeleiken framover.

Vi kjem seint i dang, men vi kjem godt! Vi håpar så mange som mogleg vil vere med oss, og vi vil gjerne ha ynskje og innspel frå alle!

Ta kontakt på
langeleikforum@gmail.com

Snerten helsing frå
Turid Berge

Norsk langeleikforum endeleg stifta.

Stiftingsmøtet for Norsk Langeleikforum fann stad på Valdres Folkemuseum laurdag 25. juli 2009, og 9 personar hadde funne vegen dit. Møtet vart opna med samspel av interimstyret, som spelte Fjelltrall.

Innkalling, sakliste og vedtekter vart godkjent utan merknader. Arbeidsprogrammet og arbeidsplan for forumet vart godkjent med ein merknad:

Deltaking på årsmøtet i Lfs gårut, då dette forumet ikkje er organisert opp mot Lfs.

Budsjett for 2009 og 2010 vart diskutert og godkjent med ei endring: Ordet "prosjektmidlar" vart endra til "driftsmidlar".

Etter valet vart styresamansetjinga denne:

Leiar: Turid Berge, valt for 1 år

Styremedl.: Marit Steinsrud, for 2 år

Sigurd Braathen, for 2 år

Gunvor Hegge, for 1 år

Ingar Ranheim, for 1 år

Varamedlemmer:

Kari Hagaseth, Elisabeth Kværne og Bent Åserus, alle valde for 1 år.

Valkomité: Ola Aastad Bråten, Bjørg Berge og Svein Arne Mæhlum.

Bjørg Berge og Stein Villa vart valde til å skrive under på møteboka frå stiftingsmøtet.

Lappane og kaffien smakte godt etter eit vel gjennomført møte, men litt restar vart det att.

Seinare på kvelden var Flatøygardsbygningen fylt opp med eit interessert publikum til "Konsert med snert". Ein flott start på arbeidet i Norsk Langeleikforum!

MS



Dette biletet er teke på stiftingsmøtet 25. 07. 09. Svein Arne Mæhlum, Turid Berge og Marit Steinsrud.
Foto: Sigurd Braathen

Langeleiken – en gave



Jeg fikk prøve meg på langeleikspill under "Klangen før fela" i februar 2018. Etter kurset har jeg fortsatt å spille med Valdreslaget i Oslo. Det har gitt meg veldig mye glede, som en gave i hverdagen. Ofte har jeg spilt for mine foreldre, som nå er 91 og 97 år og de har hatt mye glede av å høre på. Langeleiken jeg spilte på var Valdreslaget sin. I sommer kom min mor til meg og sa at hun gjerne ville at jeg skulle få et eget instrument. Jeg ble utrolig glad, og kontaktet Oddrun Hegge for å høre om det var noen til salgs. Det var ventetid på nye.

Seint i oktober fortalte mannen min meg at det var kommet inn en notis på hans epost fra Finn.no om at det var en langeleik til salgs i Drammen. Den var billig også. Jeg skyndte meg å ringe, men dessverre var den solgt allerede, fikk jeg høre. Jeg hadde vanskelig for å avslutte samtalens og ba pent, men uten hell, om å få stå på venteliste....men den var jo solgt. Det var visst noen som skulle gi den bort, sa selgeren.

Det var ikke annet å gjøre enn å prøve å glemme det. Jeg skrev en notis på Facebooksiden til Valdreslaget, med lenke til annonsen: Lurer på hvem den heldige er som fikk denne langeleiken.....

Historien min slutter ikke der. Jeg fikk besøk av en vennefamilie en søndag, opprinnelig fra Afghanistan. De hadde med en pappeske og det stod Valdreslangeleiken på den. Den kom på bordet, og de ba meg åpne den. Nedi lå en vakker langeleik. "Den er din" sa Morteza. Tankene fløy lynraskt, men jeg klarte ikke å forstå. Slikter skjer jo ikke.

Men, jo, det hadde skjedd. Han hadde lagt inn søk på finn.no i fjor sommer og fått melding og handlet med en gang. Jeg skulle få den, gjentok de. Han fortalte at selgeren hadde fått flere tilbud med høyere pris, men den var jo lovet bort.

Gladere menneske fantes ikke den søndagen! Og historien fortsetter å glede alle jeg forteller den til.



Inger Ellen Kolbjørnsen, Asker

Brøtagutadn med KORK



Laurdag 13. september debuterte Knut og Ole Aastad Bråten som solistar med Kringkastingsorkesteret under Ultimafestivalen i Oslo. Festivalen er Nord-Europas største samtidsmusikkfestival og Brøtagutadn bidrog med tradisjonelle langeleiklåttar, i eit nyskrive arrangement for langeleik og orkester skrive av Mathilde Groos Viddal. Verket vart framført på kulturhuset

Sentralen under leiing av dirigent Geoffrey Paterson.

«Tradisjonar under press» var tema for årets festival, som sette søkjelys på utsette musikktradisjonar av alle slag. Her møter folkemusikken same skjebne som andre musikksjangrar, til dømes samtidsmusikken. I konkurransen med ein global og kommersiell musikkindustri er det gjerne våre sjangrar som lir.

Publikum verka fornøgde og avismeldinga i Aftenposten var minst like god: «Mathilde Groos Viddals kliss nye arrangement av to langeleiker ble en strålende avslutning: Med Knut og Ole Aastad Bråten ved langeleikene, og orkesteret som akkompagnatør og nysgjerrig kommentator fikk den gamle musikken en åpen og moderne ramme, med rytme og groove som lyttevennlige dreiepunkter».

Maren Ørstavik

Godt sagt



«De norske Bønders Spil gjorde mig hurtigt klar over, hvor ypperlige Betingelser det gamle Instrument besidder som musikopdragenede Hjælpemiddel idet det baade er egnet til Udvikling af det musikalske Gehør og af den rytmiske Sans, men dog først og fremmest af Foredragssansen, ti Langelegen lader sig spille fint og musikalsk og hæver sig netop i denne Sag højt over de fleste andre folkelige Instrumenter.»

Hortense Panum

Knut Olav Åmås helsar Jørn Hilme-stemnet

Her kan du lesa ein del av talen som Knut Olav Åmås heldt på festframsyninga på torsdag. Vi har plukka det som spesielt gjeld langeleiken:

I romanen «Andvake» av Jon Fosse møter vi dei to unge Asle og Allida som er komne til Bjørgvin for å finna arbeid og ein stad å bu. Teksten til Jon Fosse er særstak rytmisk og musikalsk, og folkemusikken og -dansen ligg der på eit vis gjennom det heile, og hovudpersonen Asle, han er ein dugande felespelar sjølv. I romanen står det ein stad skrive noko slikt som dette, sitat:

«Og så ligg dei der og Allida ser Asle sitja der med fela og ho står der og lyttar og ho høyrer songen frå si eiga fortid og ho høyrer songen frå si eiga framtid». (.....)

No skal vi høyra og sjå ei spesiell festførestelling, sjølve tingingsverket til Jørn Hilimestemnet 2019, i samarbeid med Riksscenen for folkemusikk og folkedans. Framsyninga heiter «På Pynté» og rettar merksemnda mot langeleiktradisjonen, som er så sterk her i Valdres. Eitt instrument, skjørt og sårbart, men med så stort spenn. Vi får høyra leikar både frå tidleg 1700-tal og nybygde frå i dag, meir enn 300 år seinare. Korleis høyrest lyden av Valdres ut i 1719, gjennom ein langeleik frå den tid? Og korleis høyrest lyden av tre hundre år ut i dag?

«På Pynté» er både musikk, tekst og dans, skapt av blant andre dei medverkande fem langeleikspelarane og to dansarane, og tekstforfattar Alice Gudheim, rådgjevar Bent Åserud og produsent og regissør Ellen Persvold. Noko av musikken er frå tradisjonen, noko nyarrangert - og ikkje minst er mykje heilt nyprodusert som tingingsverk.

Og det er ikkje berre folk som dansar på scenen, også dei vaksraste og raraste dansedokker rører på seg i takt med musikken, styrt av tynne trådar.

Namnet på framsyninga skriv seg sjølvsagt frå den særstak dugande langeleikspelaren og tradisjonssamlaren Berit på Pynté (1812-1899) frå Vestre Slidre. Edvard Grieg blei inspirert av henne, Ludvig Mathias Lindeman skreiv ned seksten av slåttane hennar. Og ho var ein av mange viktige aktørar i dansedokke-tradisjonen.

Dansedokke-temaet i forestillinga er ikkje berre fysisk konkret, men opnar for djupare spørsmål: Trådane og linjene vi møter i livet og i kulturen - når skal vi knytta oss til dei, prøva å forlenga dei? Og når skal vi kutta dei?

La meg slutta der eg byrja, inspirert av Jon Fosses «Andvake».

Eg trur nemleg det vi skal sjå og høyra no - alle Asle'rar og Allida'er i salen og på scenen - er lyden av vår eiga fortid og lyden av vår eiga samtid og framtid. Trådane som leier oss - og trådane vi kuttar.

På Pynte på Riksscenen 2. november:

Takk for en stor musikalsk og kulturell opplevelse



Lørdag 2. november var jeg med min kone på Riksscenen for å oppleve konserten På Pynté. Der fikk jeg en helt fantastisk musikalsk og kulturell opplevelse som jeg stadig tenker tilbake på med glede og takknemlighet og som jeg med glede forteller om til mine omgivelser.

4 langeleiker og 4 fantastiske musikere skapte et lydbilde så storslått, vakkert og vidunderlig at det til tider låt som et stort symfonisk orkester. Med seg på scenen hadde de to dansere/skuespillere som danset og deklamerte tekster, og dansedukker som var knyttet til musikernes håndbevegelser. Dansedukkene ble filmet med goprokameraer som ble projisert på store lerreter. Kombinasjonen av musikerne, musikken, dansedukkene og danserne malte scenisk tablåer som ytterligere forsterket den storslalte musikalske og kulturelle opplevelsen. Jeg skulle ønske at veldig mange fikk mulighet til å oppleve denne fantastiske forestillingen og ikke minst at de skulle få mulighet for å få øynene opp for den vidunderlige musikken som kan skapes med langelek. Tusen takk for en fantastisk opplevelse.

Asker 30.11.19

Sverre Pedersen



KLANGEN FØR FELA 2020
Riksscenen helga den 24-26 januar.

Arr. Norsk Lur- og Bukkehornlag, Norsk Langeleikforum, Norsk Munnarpeforum, Norsk Kvedarforum, Juoigiid Searvi, i samarbeid med Riksscenen.

PROGRAM

**Kurs i kveding, joik, muniharpe, langeleik, harpe, seljefløyte, bukkehorn og lur.
Instrumentmakertorg.**

Fredag

Klubbscenen kl. 18.00

Velkomst og registrering av kursdeltagere

Presentasjon og musikkinnslag med instruktører, sosialt samvær!

Kl. 21.00 Hovedscenen: «O.M.Sandvik 100 år etter»

Konsert med Camilla Granlien, Bjørn Sigurd Glorvigen, Vegar Vårdal, Tom Willy Rustad

Billetter kr. 100.- for deltagere.

Lørdag

Kl. 09.00 Registrering av kursdeltagere

Kl. 09.30 Hovedscenen Fellessamling og orientering, informasjon om kursene

Kl. 10.00 Kurs

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 13.00 **Hovedscenen** «Instrumentenes dype røtter» foredrag ved musikkarkeolog

Gjermund Kolltveit

Kl. 13.45 Presentasjon av instrumentmakertorget

Kl. 14.30 Kurs

Kl. 16.30 Middagspause

Kl. 18.00 Intimscenen, **Fyrispel**

Kl. 20.00 Hovedscenen: Konsert med påfølgende dansefest

Eilif Gundersen, Bendik Smedåsgjelten Qvam, Jørn Simenstad, Odd Sylvernes Lund lur/bukkehorn. Tom Willy Rustad og Jon Bugge Mariussen, muniharpe. Stein Villa, harpe.

Camilla Granlien, kveding. Kirsten Marit Olsen og Thorvald Hansen, joik, Solveig Vatn Weisser og Magnhild Karsrud, langeleik. Steinar Ofsdal, seljefløyte. Eli Storbekken, programleder. [Konsert og fest er gratis for kursdeltagere](#)

Søndag

Kl. 10.00 Hovedscenen: Frå note til framføring v/ Bjørn Sigurd Glorvigen

Kl. 11.00 Kurs

Kl. 13.30 Oppsummering og avslutning med kursinnslag!

Instrumentmarkertorg:

fløyter, lur, bukkehorn, langeleik, lyre, harpe, muniharpe, CDsalg

Mer info og påmelding finner du på

Facebook: Klangen Før Fela 2020

www.kvedarforum.no www.lurogbukkehorn.org www.langeleikforum.no <

www.muniharpe.no www.juoigiidsearvi.no www.riksscenen.no

Medlemmer: kr. 525 /ikkemedlem kr. 725,-/ studenter kr. 425.- Barn under 12 år gratis.

Påmelding: innen 12 januar 2020

www.deltaker.no/kff2020

NORSK LANGELEIKFORUM

Innkalling til årsmøte i Norsk Langeleikforum

Riksscenen, Oslo, søndag 26.januar kl. 14:30.

Innkomne saker må være styret i hende innen 27.desember: sendes på epost til
ingerellen.k@gmail.com

Sak 1 **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Sak 2 **Valg av ordstyrer, referent og tellekorps**

Sak 3 **Registrering av de med stemmerett og fullmakt**

Sak 4 **Årsmelding**

Sak 5 **Regnskap**

Sak 6 **Fastsettelse av medlemspenger**

Sak 7 **Arbeidsplan for 2020**

Sak 8 **Budsjett**

Sak 9 **Valg**

Sak 10 **Innkomne saker**

NLF ynskjer alle ei GOD JUL!



Heimeside: www.langeleikforum.no
facebook: [Norsk langeleikforum](#)
e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2020: 200 kr
Kontonr. 1503.14.71807